



ÅRSMELDING

2014



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn



1 .0 INNLEIING OG GENERELT

Administrasjon

I 2014 har ein fornya programvaresystemet, slik at sakshandsamingsprogram og arkiv er integrerte med gravplassprogram og kyrkjebokføringssystemet. Det er med denne omlegginga etablert eit langt meir effektivt og tidssparande administrasjonssystem.

Personale

På administrasjonssida har det vore stabil bemanning gjennom heile året, og ein har hatt kapasitet til å følge opp investerings- og vedlikehaldsprosjekt og arbeide med profilering. På den andre sida har ein hatt langtidssjukefråvere i trusopplæringa, slik at dette arbeidet ikkje har hatt tilfredsstillande progresjon. Gjennom året har det vore ein gradvis omlegging av kyrkjetenarstillingar, der ein samla sett har hatt ein stillingsreduksjon på omkring 0,5 årsverk.

Økonomi

Soknet hadde eit mindreforbruk (overskot) på kr74.935,- i drifta. Dette heng i hovudsak saman med reduserte lønns- og personalkostnader og auke i festeinntekter. Også i investeringsrekneskapen for 2015 har ein eit mindreforbruk på kr 98.790,-.

Kommunikasjon og profilering

I gjennom året har ein styrka soknet sitt profilerings- og kommunikasjonsarbeid samanlikna med tidlegare år. Ein fekk gitt ut fire nummer av kyrkjebladet, som er i samsvar med målsetjinga. I tillegg har ein fått etablert heimesider – www.askvoll.kyrkja.no - som tidleg fekk eit relativt stabilt besøkstal med omkring 250 unike brukarar kvar månad. Soknet har vidare teke i bruk sosiale medier som kommunikasjonsplattform i 2014, og det er ved utgangen av året 266 følgjarar på sida til «Kyrkjaiaskvoll».

Investeringsprosjekt

Det store rehabiliteringsarbeidet og interiørfornyninga på Askvoll kyrkje vart ferdigstilt i 2014, og ein fekk komt i gang med planlegging og delar av prosjekteringsarbeidet på fleire tiltak på investeringssida. Dette gjeld sikring av Holmedal kyrkjegard mot Bakkeelva, skifte av elektrisk anlegg og varmesystem i Holmedal kyrkje, tiltaksplan for Kvammen kapell og utviding av Askvoll kyrkjegard.

Gudstenesteverksemd

Ny gudstenesteforordning vart vedteke med verknad frå august 2014. Med den nye ordninga har ein gudstenester meir hyppig og på færre stader samanlikna med tidlegare forordning.

Gravplassforvaltning

Det har vore ein sterk auke i talet fornya festeavtaler i 2014 samanlikna med tidlegare år. Dette heng saman med den stabile bemanningssituasjonen i kyrkjeadministrasjonen. Denne auken har ført til betydelege meirinntekter i festeavgifter.



2.0 ORGANISASJON

2.1 Askvoll sokneråd

Askvoll sokneråd er det lokale kyrkjestyret for Askvoll sokn. Soknerådet har både sokneråds- og fellesrådsfunksjon. Som sokneråd har rådet ansvar for å nære det kristelege livet i soknet og som fellesråd skal rådet forvalte dei kyrkjelege eigedommane i soknet (kyrkjebygg og gravplassar), arbeidsgivaransvar for dei som er tilsett i lokalkyrkja, forvalte lokalkyrkja sin økonomi, vere gravplasstyresmakt og ivareta soknet sine interesser overfor kommunen.

Valde medlemmer

Ole Andreas Myrstad (leiar)	1. vara Agathe Karin Herland
Anne Grethe Lien (nestleiar)	2. vara Else Stølen
Reidun Melvær Norheim	3. vara Judith Karin Nesberg Gjervik
Jorunn Ringstad	4. vara Jostein Gryte
Inger Lise Saltskår	5. vara Agnar Kjell Vilnes
Oddvar Reidar Indrebø	
Jostein Vidar Takle	
Linda Karin Solheim	
Kari Berit Ness	
Arne Fedøy	

Kommunen sin representant

Åge Guddal	Jardar Melvær (personleg vara)
------------	--------------------------------

Geistleg representant

Stein Hugo Fykse	Knut Arne Kummeneje (personleg vara)
------------------	--------------------------------------

Sekretær for rådet og dagleg leiar for verksemda

Rune Ziener

2.2 Soknerådsmøte og soknemøte

I 2014 var det 9 soknerådsmøte, og det vart handsama 83 saker.

Det var soknemøte i Askvoll kyrkje 18. mai. I tillegg til årsmøtesakene vart det fatta vedtak om å innføre bruk av ny, norsk salmebok i soknet. I soknemøtet var det også høyring om soknerådet sitt vedtak om ny gudstenesteordning.

2.3 Utval og komitéar

Administrasjonsutval

Ole Andreas Myrstad, vara Jorunn Ringstad
 Anne Grethe Lien, vara Linda Karin Solheim
 Stein Hugo Fykse, vara Jostein Vidar Takle
 Oddgunn K. Grane som representant for dei tilsette
 Kyrkjeverja



Forhandlingsutval

Anne Grethe Lien, Ole Andreas Myrstad og Rune Ziener
 Vara: 1. Oddvar Reidar Indrebø, 2. Stein Hugo Fykse

Arbeidsutval

Ole Andreas Myrstad, Anne Grethe Lien, Stein Hugo Fykse og Rune Ziener

Kyrkjelydsutval**Askvoll**

Linda Karin Solheim
 Oddvar Reidar Indrebø
 Jorunn Ringstad
 Ragnhild Holmelid
 Marie Ringstad

Vilnes

Oddgunn K. Grane
 Jostein Vidar Takle
 Inger Lise Saltskår
 Ester Hugøy
 Edvin Landøy
 Kjellaug A Vilnes
 Agnar Vilnes

Holmedal

Anne Grete Lien
 Kari Berit Ness
 Dagny Kristin S. Haugsvær
 Jorunn Bull
 Anne Størdal
 Irene Hestvik

Kvammen

Ole Andreas Myrstad
 Ann Britt ålen
 Anne Marie Sve Mandelid
 Marit Gryte
 Sigrid Lunde

Bulandet

Arne Fedøy
 Kathrin Sunde Rogne
 Magnar Hillersøy
 Synnøve Melvær
 Marit Veim Thistel
 Målfrid Hittun Fedøy
 Reidun Melvær Norheim

Værlandet

Knut Landøy
 Asta Landøy
 Tone N. Nybø

Stongfjorden

Edith Gjørøy
 Greta Holmar
 Sissel Vie
 Magnhild Osland

Trusopplæringsutval

Leiar - Bente Strømmen
 Prest - Knut Arne Kummeneie
 Organist - Anton Proskurnin
 Medlemer - Linda Karin Solheim, Oddgunn K. Grane, Målfrid Hittun Fedøy, Runhild Øvreås, Ole Andreas Myrstad, Eva Iren Landøy, Hugrun Fedøy.

Plan og byggenemnd - Askvoll kyrkje

Leiar - Øystein Helle, Jorunn Ringstad og Åge Guddal.

Innenemnd - Askvoll kyrkje

Linda Karin Solheim, Stein Hugo Fykse, Ole Andreas Myrstad og Anne Grethe Lien.

Jubileumskomite Askvoll kyrkje 150 år i 2014

Linda Karin Solheim, Stein Hugo Fykse, Ole Andreas Myrstad, Sigrid Lunde og Aud Kari Steinsland



3.0 ADMINISTRASJON OG TILSETTE

Tilsette i soknet

Funksjon	Årsverk 2014	Årsverk 2013
Kyrkjeleg administrasjon	1,7	1,8
Kyrkjer	1	1,55
Gravplassar	0,73	0,73
Anna kyrkjeleg verksemd	0,4	0,4
Sum fastlønn	3,83	4,48
Timetilsette	Ca 0,55	Ca 0,43
Sum årsverk inkl. timetilsette	4,38	4,91

I løpet av 2014 har ein hatt noko reduksjon i bemanninga (ned om lag 0,5 årsverk) samanlikna med utgangen av 2014. Dette heng mellom anna saman med betre utnytting av kyrkjetenarressursar etter at ny gudstenesteforordning vart gjort gjeldande pr. august 2014, samt at ein har redusert noko på kyrkjeleg administrasjon.

Kyrkjekontoret held til i sentrum av Askvoll (i gamle rådhuset), der ein disponerer 6 kontorplassar og møtelokale.

Askvoll sokneråd er medlem av Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) og er omfatta av KA sitt tariffområde.

Dei tilsette har pensjonsordning i KLP.

HMT-årsrapport	Kartlagt/avdekket avvik	Lukking/plan for lukking av avvik
Sjuefråver relatert til arbeidsmiljøet	3 dager (EM-usikker)	Nei
Avviksmeldingar	1	Ja
Skademeldingar	0	-
Vernerunderapport	0	-
Tilstandsrapport – psykososial kartlegging	-	-
Sjuefråversprosent		8,07



4.0 KYRKJELEG VERKSEMD

4.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar. Statistikk

4.1.1 Gudstenester

Kyrkje/kapell	Tal gudstenester					Tal deltakarar					Nattverdgjestar				
	2014	2013	2012	2011	snitt	2014	2013	2012	2011	snitt	2014	2013	2012	2011	snitt
Askvoll	15	3	14	16	12	1403	214	1161	1694	1118	151	37	126	217	133
Vilnes	11	11	13	11	11,5	685	778	846	577	722	121	48	53	35	64,3
Holmedal	18	21	15	15	17,3	1441	1992	1240	1211	1471	328	255	175	171	232
Kvammen	14	11	12	12	12,3	807	724	905	899	834	236	151	167	82	159
Stongfjorden	6	9	10	10	8,75	183	263	387	509	336	53	90	77	52	68
Værlandet	5	8	10	12	8,75	305	390	476	502	418	36	99	118	104	89,3
Bulandet	11	10	11	11	10,8	494	495	597	616	551	218	216	204	157	199
Sum	80	73	85	87	81,3	5318	4856	5612	6008	5449	1143	896	920	818	944

Inkludert i tal gudstenester er nattverdgdustenester, familiegudstenester (inkludert julaften), friluftsgudstenester, skulegdustenester, ungdomsgudsteneste og ikkje forordna gudstenester.

Skulegdustenester:

I Vilnes og Kvammen til påske og Askvoll til jul, med til saman 383 deltakarar.

Andakter/nattverdgdustenester på Askvollheimen:

Det har vore ni andakter (seks med nattverd) på Askvollheimen. Desse tala er ikkje med i statistikken ovanfor.

Snitt deltakarar per gudsteneste:

	2014	2013	2012	2011	Snitt pr. stad
Askvoll	93,50	71,33	82,93	105,88	88,41
Vilnes	62,27	70,73	65,08	52,45	62,63
Holmedal	80,06	94,86	82,67	80,73	84,58
Kvammen	57,64	65,82	75,42	74,92	68,45
Stongfjorden	30,50	29,22	38,70	50,90	37,33
Værlandet	61,00	48,75	47,60	41,83	49,80
Bulandet	44,91	49,50	54,27	56,00	51,17
Snitt pr. år	61,41	61,46	63,81	66,10	63,20



4.1.2 Kyrkjelege handlingar

Kyrkje/kapell	Døypte					Konfirmerte				
	2014	2013	2012	2011	snitt	2014	2013	2012	2011	snitt
Askvoll	8	4	3	11	7	7	0	5	12	6
Vilnes	5	14	12	2	8	7	5	6	9	7
Holmedal	4	14	11	5	9	9	15	7	4	9
Kvammen	3	4	4	6	4	3	5	5	4	4
Stongfjorden	0	1	1	2	1	2	1	4	4	3
Værlandet	0	2	1	1	1	1	2	6	8	4
Bulandet	0	1	4	3	2	3	4	3	5	4
Sum	20	40	36	30	35	32	32	36	46	37

Kyrkje/kapell	Vigde					Gravlagde				
	2014	2013	2012	2011	snitt	2014	2013	2012	2011	snitt
Askvoll	2	0	1	1	1	16	17	7	13	13
Vilnes	2	1	2	3	2	6	3	2	9	5
Holmedal	2	5	1	0	2	8	6	8	1	6
Kvammen	1	0	0	0	0	3	6	1	5	4
Stongfjorden	0	0	0	1	0	7	7	1	1	4
Værlandet	0	0	0	1	0	2	3	0	1	2
Bulandet	0	1	3		1	2	2	1	1	2
Sum	7	7	7	6	7	44	44	20	31	35

4.2 Trusopplæring

Oversikt over trusopplæringstiltak som er gjennomført i soknet i 2014

Alder	Namn på tiltak	Fra plan	Tal samvær	Omfang i timar
0 - 1	Dåpsfase	Med Jesus vil eg leva.	2	3
4	Utdeling av 4-års bok	Med Jesus vil eg leva.	1	2
6	6-åringar	Med Jesus vil eg leva.	1	2
10 - 12	Kode B - Utdeling av bibel	Med Jesus vil eg leva.	2	4
14 - 15	Konfirmasjon	Med Jesus vil eg leva.	21	60
Total			27	71

Samanlikna med dei nasjonale normtala frå Kyrkjerådet som gir grunnlag for statleg trusopplæringstilskot, krev det auka gjennomføringsgrad i tiltak og nye tiltak for å auke timetalet frå 71 timars tilbod til 315 timars tilbod.



Oversikt over tal deltakarar per tiltak og oppslutnad i høve til målgruppa (årskulla i soknet)

Tiltak	Tal deltakarar	Tal jenter	Tal gutar	Deltaking prosent	Tal i målgruppa
Dåp	20	5	15	133%*	15
4-årsbok	19	8	11	100%	19
6-årsbok	20	7	13	80%	25
Kode B	24	13	11	83%	29
Konfirmasjon	32	18	14	100%	32
Total	115	51	64	96%	120

*Deltakingsprosent på over 100% i dåp, skuldast at det er dåpsbarn som ikkje er folkeregistrert i Askvoll som vert døypt her.


Dei nye tiltaka som var sett i gong i 2014 var:

- 6-årsbok. Dette tiltaket må annonserast betre enn det vi gjorde for å nå ut til målgruppa. Vi tenkjer at kyrkjebladet er ein god stad å gjere dette.
- Kode B. Det same gjeld for dette tiltaket. Det må vere ein artikkel i kyrkjebladet med tekst og bilete som forklarar meir om kva tiltaket går ut på.

Tiltak som har gått over år, slik som dåp, 4-årsbok og konfirmasjon, har tilnærma 100% oppslutning. Difor meiner vi at det er fornuftig å setje i gong 2-3 tiltak pr. år, og kvalitetssikre desse. Når desse «går av seg sjølv» og er kjende i soknet, kan ein setje i gong enda fleire tiltak i planen.

Fleire tiltak var planlagde i 2014, men grunna langtidssjukemelding på trusopplæringsmedarbeidar, vart det ikkje mogleg å gjennomføre dette i 2014.

Grafen nedanfor viser korleis det totale volumet trusopplæringsstimar (timetal i tiltaket X tal deltakarar) 2154 timar er fordelt på type tiltak.



4.3 Kyrkjemusikk

Soknet arrangerte to konsertar i eigen regi i 2014. Totalt frammøte for desse var 263 besøkande.

Utanom dette vart det arrangert kyrkjekonsertar ved eksterne arrangørar med totalt 1070 besøkande.

4.4 Diakoni

Diakoniarbeidet har ikkje vore eit satsingsområde for soknerådet i 2014 fordi ein ikkje har hatt diakoniutval i arbeid.

4.5 Misjon

Soknerådet har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap og støttar prosjektet *Barn og unge i Thailand*. Totalt innsamla kyrkjeoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt var kr 13.831,-

4.6 Profilerings og kommunikasjon



Kyrkjeblad

I 2014 fekk ein gitt ut fire nummer av kyrkjeblad for Askvoll.

Dette er i samsvar med målsetjinga.

Finansiering av trykkinga skjer ved frivillig bladkontingent, annonser, kyrkjeofringar og gåver. I 2014 hadde ein ei underfinansiering på kr 38.072,- til kyrkjebladet. Heimesider

Frå mars 2014 fekk ein etablert egne heimesider for soknet. Heimesidene er tenkt å vere den grunnleggjande informasjonsbasen, der publikum kan søkje opp relevant informasjon.



Som ein ser av grafene for trafikk på heimesidene, ser ein at talet unike besøkande pr. mnd raskt stabiliserte seg på i underkant av 250 besøkande pr. mnd, og at talet sideoppslag pr. mnd. i snitt låg på ca. 1500 i perioden.



Facebook

I 2014 fekk ein også sett opp ei eiga Facebook-side for soknet. Funksjonen for Facebook-sida er primært annonserande og marknadsførande, samt at ein lenker til oppdateringar på heimesida.

Kyrkja i Askvoll har 266 tilhengarar pr. 31.12.2014.

4.7 Rådsarbeid

Soknerådet arrangerte hausten 2014 ei helg i Bulandet for rådsmedlemmer og tilsette. Her vart det arrangert strategiseminar, og ein starta på arbeidet med lokal strategiplan og planarbeid for gudstenester, diakoni og kyrkjemusikk. Utanom seminaret og gruppearbeidet var det mykje sosialt samvær, aktivitet og god mat.

4.8 Askvoll kyrkje 150 år

I pinsehelga vart Askvoll kyrkje sitt 150-årsjubileum markert. Pinseaftan skipa ein til jubileumskonsert ved lokale krefter. Pinedag var det festgudsteneste i kyrkja og etter gudstenesta var det jubileumsfest i Askvoll samfunnshus med middag, talar og kulturinnslag.



5.0 KYRKJER OG GRAVPLASSAR

5.1 Investeringar

Investeringar på dei kyrkjelege bygg og anlegg er frå 2014 overført til Askvoll sokn sin rekneskap, (var tidlegare rekneskapsført i Askvoll kommune sine rekneskap).

Prosjektoversikt 2014

Avslutta prosjekt 2014	Pågåande/ikkje-avslutta prosjekt 2014	Planlagde/ikkje igangsette prosjekt 2014
Rehabilitering Askvoll kyrkje (rekneskapsført i kommunen) Kr 6,98 mill. inkl. MVA	Interiørfornyning Askvoll kyrkje Nettokostnad kr 906.163,-	Tilkomstveg og parkeringsplass, Vilnes kyrkje/kyrkjegard Avsett kr 150.000,-
	Utviding Askvoll kyrkjegard (oppstart på prosjektering)	
	Fornyning elektrisk anlegg Holmedal kyrkje (prosjektering) Nettokostnad kr 11.250,-	
	Sikring Holmedal gravplass mot Bakkeelva (delprosjektering) Nettokostnad kr 12.385,-	
	Rehabilitering av Kvammen kapell (prosjektering) Nettokostnad kr 67.241,-	

Prosjektbeskrivelse:

Rehabilitering Askvoll kyrkje

Omfattande rehabiliteringsprosjekt som ikkje var heilt fullført i 2013 som planlagt. Rehabiliteringa omfattar mellom anna utbetring av setningsskadar i fundamentkonstruksjonen, utskifting av vindu, utvendig overflatebehandling, reinsking av tak, utskifting av elektrisk anlegg, nytt varmesystem, innvendig overflatebehandling, ombygging av korparti og montering av skillevegg. Prosjektet er rekneskapsført i Askvoll kommune sin rekneskap.

Interiørfornyning Askvoll kyrkje

Parallelt med rehabiliteringsarbeidet på kyrkja, har ein i 2014 hatt eit eige prosjekt på interiørfornyning. Mellom anna har ein kjøpt inn nye stolar til kyrkjeskippet, fått bygd bordaltar, knelebenkar og sokkel til altartavlen. Ein har også malt opp galleriområdet på dugnad. Det som står att av interiørfornyninga er å rehabilitere eksisterande brudestolar og pusse opp lysekrunene.

På begge prosjekta på Askvoll kyrkje er det lagt ned eit betydeleg dugnadsarbeid (særleg for arbeid med blending (steinsetting) av nye sakristiinngangstrappar, måling og diverse montering).



Utviding Askvoll kyrkjegard

Kyrkjegarden skal utvidast mot nord med 258 nye graver. Ein fekk slutført prosjekteringa i 2014. Anleggsarbeidet var planlagt igangsett seinhaustes, men vart forseinka til over nyttår p.g.a. prosess med grunnovertaking. Denne utvidinga vert rekneskapsført i kommunen sin årsrekneskap.

Sikring mot Bakkeelva

Ein fekk gjennomført planlegging av tiltak for sikring av Holmedal kyrkjegard og bårhus i 2014. I påvente av svar på søknad om tilskot frå NVE har ein ikkje komt i gang med anleggsarbeidet. Tiltaksplan er utarbeidd.

Utsifting av el-anlegg og varmesystem Holmedal kyrkje

Ein fekk gjennomført planlegging og tilbodsinnhenting på dette prosjektet i 2014, men ikkje starta opp med arbeidet som planlagt.

Rehabilitering Kvammen kapell

Ein fekk gjennomført tilstandsanalyse, tiltaksplan og kostnads kalkyle for rehabilitering av Kvammen kapell. Anleggsarbeidet med mellom anna ombygging av takkonstruksjonen vert sett i gang i 2015.

Tilkomstveg og parkeringsplass Vilnes kyrkje og kyrkjegard

Dette vart ikkje sett i gang som planlagt i 2014 fordi det ikkje er avklara om ein får høveleg grunn til å opparbeide parkeringsplassen.

5.2 Inventar og utstyr

Ein har anskaffe ein god del utstyr og inventar i løpet av 2014, primært finansiert med bruk av soknerådsfond og meirinntekt på festeavgift og ledige midlar p.g.a. lønnsrefusjonar.

Nye lydanlegg

Alle kyrkjene har fått nye trådlause mikrofonar, og lydanlegget i Askvoll kyrkja er dels fornya.

Bandutstyr

Ein har fått komplett bandutstyr (instrument, forsterkarar, m.v.) til bruk i konfirmant- og ungdomsarbeidet.

Multimedia

Nytt multimediaanlegg til Askvoll kyrkje.

Møterom

Kyrkja sitt møterom er fornya med nye konferanssemøblar og nytt multimediaanlegg.

Gravplassutstyr

Ein har kjøpt ny raider til Askvoll gravplass, beltetrillebår og skifta ut fleire plen- og kantklipparar.

Trusopplæring

Ein har kjøpt inn 12 nye konfirmantkapper og 10 bord til Askvoll kyrkje ein skal nytte i trusopplæringsarbeidet.




6.0 ØKONOMI

6.1 Driftsrekneskapen

Askvoll sokn hadde i 2014 eit mindreforbruk på kr 74.935,- i driftsrekneskapen. I investeringsrekneskapen til soknet var det eit mindreforbruk på kr 98.790,-.

Overskotet i investering er føreslege avsett til eit ubunde kapitalfond.

Nøkkeltal	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Rekneskap 2013
Sum driftsinntekter	-4 792 442	-4 215 500	-5 121 974
Sum driftsutgifter	5 339 766	4 287 500	4 573 118
Brutto driftsresultat	<u>547 324</u>	<u>72 000</u>	<u>-548 856</u>
Netto finansinntekter/utgifter	-16 464	0	-74 228
Avskrivningar	53 308	53 308	53 308
Motpost avskrivningar	-53 308	-53 308	-53 308
Netto driftsresultat	<u>530 860</u>	<u>72 000</u>	<u>-623 084</u>
Bruk av disposisjonsfond/tidl.års mindreforbruk	-322 802	-157 000	-3 634
Bruk av bundne fond	-458 210	-8 000	-437 917
Sum bruk av avsetningar	<u>-781 012</u>	<u>-165 000</u>	<u>-441 551</u>
Sum avsetningar	175 217	93 000	837 537
Rekneskapsm. mindreforbruk	<u>-74 935</u>	<u>0</u>	<u>-227 098</u>



Generell kommentar til rekneskapen:

Grafen nedanfor viser eit relativt stort avvik mellom driftsutgifter og driftsinntekter (kr 547.324,-) for rekneskapsåret 2014. Grafen viser og at det både har vore ein stor auke i driftsutgifter samanlikna med fjoråret på same tid som det har vore ein reduksjon i driftsinntekter. Til dette er å seie at driftsinntektene i 2013 var spesielt høge p.g.a. ei enkeltgåve frå Norsk misjonsselskap på nær kr 370.000,-. Driftsutgiftene i 2014 har og vore relativt store, der særlig to forhold er utslagsgivande på driftsutgiftssida:

- Tilskot til Askvoll kommune for rehabilitering Askvoll kyrkje kr 372.000,-
- Refusjon til Askvoll kommune for rehabilitering Stongfjorden kapell kr 206.617,-


Dei første to punkta er ført som driftsutgift mens sjølve finansieringa skjer ved bruk av avsetningar (som ikkje er rekna som ei driftsinntekt). I sum fører dette til eit betydeleg negativt driftsresultat.

I 2014 hadde ein også uvanleg høge pensjonskostnader samanlikna med tidlegare, med nær ei dobling frå 2013 (opp frå 278.000,- i 2013 til 551.000,- i 2014). I 2014 utgjorde pensjonskostnaden nær 26% av samla lønnskostnad.

Også festeinntekter var betydeleg høgare i 2014 samanlikna med tidlegare år. I 2014 utgjorde dei kr 261.500,- (der snittet for dei tre føregåande åra låg på ca kr 51.000,- pr. år). Grunnen til denne auken er at ein i løpet av 2014 har prioritert å få reetablert utløpte festeavtaler.

I rekneskapsåret har ein vidare hatt merksemd på å få redusert lønnskostnader med meir effektivisert stillingsstruktur. Sjølv om lønnsartane totalt (lønn og sosiale kostnader) har ein auke på om lag kr 55.000,- samanlikna med 2013, viser likevel rekneskapstala ein reduksjon i reine lønnsutgifter på ca. kr 152.000,-. At det ikkje er nominell reduksjon i lønn og sosiale kostnader totalt, skuldast den høge pensjonskostnaden i 2014.





Kommentar til kvar teneste

04100 – Kyrkjeleg administrasjon

Denne tenesta har eit meirforbruk i forhold til budsjett på kr 208.607,67. Mykje av dette kan verte forklart med avvik på pensjonskostnad på over kr 80.000,- samt ikkje budsjetterte ekstrakostnader på ekstrahjelp (prosjektstilling i kyrkjeadministrasjonen) på nær kr 39.000,-. Her ligg også det rekneskapsmessige mindreforbruket på kr 74.935,-.

04200 – Kyrkjer

Avvik på tenesta med eit mindreforbruk på kr 27.029,-.

04300 – Gravplassar

Samla mindreforbruk på tenesta er ca kr 128.000,-. Her er meirinntekt på festeavgifter på ca. kr 81.000,- og mindreforbruk på kjøp av utstyr på ca. kr 118.000,-, og på den andre sida meirutgift på lønn og pensjon med om lag kr 85.000,-.

04310 – Gravstell

Tenesta gjekk i balanse som forutsett.

04400 – Anna kyrkjeleg verksemd

Tenesta er saldert mot bunde fond «Kyrkjelydsarbeid», avsett kr 5.981,-.



04420 – Trusopplæring

Meirforbruket på denne tenesta, kr 26.482,- er finansiert med bruk av ubunde fond


04479 – Kyrkjeblad

Ikkje-budsjetterte gaver og offer, kr 8144,- som er avsett til bunde fond.

6.2 Investeringsrekneskapen

Frå rekneskapsåret 2014 er det ført eige investeringsrekneskap for soknet. Inntil 2014 har soknet sine investeringar vore ført i kommunen sin rekneskap.

Samla investeringar i 2014 i soknet var på kr 1.280.739,- fordelt slik:




Både prosjektet «El-anlegg og ovnar Holmedal» og «Sikring mot Bakkeelva» var planlagt realiserte i 2014 med budsjettert ramme på henholdsvis kr 580.000,- og kr 1.000.000,-, men ein fekk berre komt i gang med prosjekteringsarbeid på desse prosjekta.



6.3 Balanserekneskapen

	ENDR 2014	UTG. BALANSE 2014
Bunde fond	-1 203 849	Kr 781 629
Disposisjonsfond	- 179 749	Kr 178 566
Unytta overskot	+ 671	Kr 227 769
<u>Total</u>	<u>-1 382 927</u>	<u>Kr 1 187 964</u>





I 2014 er det brukt vestentlege delar av fondsmidlane ein hadde ved årets inngang. Totalt over 1,38 millionar netto av bunde og ubunde fondsmidlar er nytta til ulike formål. Størstedelen av desse midlane gjeld finansiering av interiørprosjektet på Askvoll kyrkje, med kr 829.981,- og kr 206.617,- til rehabiliteringsarbeid på Stongfjorden kapell. Kr 97.240,- av disposisjonsfond er nytta til kjøp av musikkutstyr til Askvoll kyrkje og prosjekteringsarbeid på Kvammen kapell. Resterande bruk av ubundne midlar har gått til underskotsfinansiering på kostnader til kyrkjeblad, diakoni og trusopplæring, med kr 68.111,-. Ved utgangen av 2014 står ein igjen med ca. kr 1,19 millionar i fonds- og unytta midlar.

Aktivering av anleggsmiddel

Balanserekneskapen viser ein auke i bokførte anleggsmidlar på kr 9.702.554,- for soknet. Grunnen til dette er at anleggsmiddel som tidlegare låg bokført hos kommunen no, etter ny praksis, er ført inn i soknet sin rekneskap. Vidare er årets investeringar aktiverte i balansen (sjå rekneskapsnote 4).





7.0 FRAMBLIKK 2015-

- **Kyrkjelydsarbeid**
 - **Større fellesskap**
 - **Utvida bruk**
- **Nye Askvoll kyrkje**
 - **Større fellesskap**
 - **Utvida bruksområde som famnar om fleire**
- **Trusopplæring**
 - **Iverksetje fleire av tiltaka i planen**
- **Styrking og synleggjering av våre kommunikasjonsplattformer**
 - **kyrkjeblad**
 - **heimesider**
 - **sosiale medier**
- **Gjennomføringsevne for investeringsprosjekt**
 - **auke gjennomføringshastighet**
- **Kyrkjevalet 2015**
 - **gjennomføre valet med høg valdeltaking**
- **Styrkje det strategiske arbeidet**
 - **visjonsformuleringar og målstyring**
 - **betre merksemd på planarbeid, særleg diakoni og kyrkjelydsarbeid**
- **Gravplassforvaltning**
 - **komme ajour med festeavtalar**
 - **finne løysingar for betre gravplassvedlikehald**
- **HMT-arbeid for verksemda og arbeidsmiljø**
 - **etablere gode HMT-system**
 - **satse på kompetanse- og personalutvikling**

20.03.2014

Rune Ziener

